

MEDLEMSBETINGELSER OG VILKÅR HOS HELSEBANKEN

Eigenerklæring

- All trening skjer på eiga ansvar. Medlem er sjølv ansvarleg for at eigen helsetilstand er egna til fysisk aktivitet, og at nødvendig kunnskap om utstyrsbruk er tilegnet.
- Medlemer aksepterer at Helsebanken ikkje kan haldast ansvarleg for personskadar, eller skade og tap av personlege gjenstandar under opphaldet på senteret.
- Medlemer plikter sjølve å passe på at treningsutstyr fungerer før bruk.
- Helsebanken tar ikkje ansvar for kle og personlege eigendelar, sjølv om desse er låst inn i garderobeskap.
- Brot på punkt i medlemsvilkår kan føre til utestenging eller avslutning av medlemskap utan ytterlegare varsel. Innbetalt treningsavgift vil ikkje bli refundert.

Medlemskap

- Medlemskapet gjeld frå den dagen du melder deg inn, med mindre anna er spesifisert.
- Medlemskapet registrerast/kjøpast på internett.
- Bindingstida er 12 betalande månader, såfram ikkje anna er oppgitt. Etter bindingstida er ferdig går medlemskapet over i eit laupande avtaleforhald, dersom medlemer ikkje sjølv seier opp avtalen.
- Medlemskapet er personleg og kan ikkje gjevast vekk til andre.
- Medlemskapet er laupande heilt til medlemer sjølv gir skriftleg tilbakemelding om utmelding. Oppseiingstid er 1 måned rekna frå fyrste månadsskifte etter den dato den oppseiinga er motteke.

For ungdomsmedlemskap gjeld også:

- Treningssenteret er ikkje ein opphaldsplass dersom du ikkje skal trene.
- Nedre aldersgrense for medlemskap er 8.klasse, og ungdom opp til 15 år må trene i følge med ein vaksen.
- Ved introduksjonskurs til styrketrening eller faste treningstider med tilsyn av ein vaksen kan dei med ungdomsmedlemskap få høve til å trene utan følge.
- Alle opp til 18 år skal ha føresette som ansvarleg for medlemskap. Føresette signerer/samtykker til medlemskapet og registrerer kontaktopplysningar for seg og barnet ved innmelding. Medlemskapet betalast i sin heilskap av føresette fram til barnet fyller 18 år.
- Redusert opningstid gjeld for ungdomsmedlemskap og kan bli justert i høve til bruk.

Administrasjon av medlemskap

- Medlemskapet administrerer du sjølv under «min side» i appen. Her kan du endre personopplysningar, betalingskort, avslutte medlemskap, etc. Les om vilkår for avslutning av medlemskap under «Oppseiing eller frys av medlemskap».
- Du er sjølv ansvarleg for å halde dine personopplysningar oppdatert til ein kvar tid. Helsebanken seier frå seg ansvaret for feil i opplysningar du har registrert.
- Send førespurnader som gjeld ditt medlemskap til post@eivindvikbrygge.no. Merk e-post med «Trening».

Tilgjenge

- Tilgjenge til senteret skjer via app på mobiltelefonen eller kodebrikke. Kodebrikke kan kjøpast om du ikkje kan eller vil nytte app.
- Du må ALLTID registrere din personlege app eller brikke ved besøk på treningssenteret. Kontroll kan utførast.

- Medlemskapet er personleg og kan ikkje lånast ut til andre. Ei heller nyttast til å sleppe inn andre personar med eller utan medlemskap.
- Meld frå med ein gong ved tap av kodebrikke. Ny brikke må dekkes av medlem.
- Det er ikkje lov å opphalde seg i senteret utanfor opningstidene.
- Inngangspartiet er videoovervaka og alle innlåsingar loggførast.

Oppseiing eller frys av medlemskap

- Oppseiinga skal skje skriftleg eller elektronisk. Innan 14 dagar skal medleimen motteke ein skriftleg stadfesting på e-post på at oppseiinga er motteken og kor tid siste avdrag av medlemsavgifta finn sted. Ta kontakt dersom du ikkje får ein stadfesting.
- Medlemskap med binding kan ikkje seiast opp før bindingstida har gått ut.
- Ein kan søke om frys av medlemskap om man med gyldig grunn er hindra frå å nytte treningssenteret over en periode på minimum 60 dagar. Gyldig grunn kan vere utplassering i forbindelse med arbeid, førstegongsteneste, svangerskap, sjukdom eller skade. Årsaka må dokumenterast.
- Vær merksam på at medlemskapet ikkje kan avsluttast medan det er fryst og at medlemskontrakten blir forlenga med like lang tid som det fryses.

Betaling

- Betaling skjer via avtalegiro og registrerast ved signering av medlemskap i appen eller på nett. Hugs å ha korrekte opplysningar der.
- Medlemskapsperioden for avtalegiro med binding er 12 månader og deretter laupande med 1 månad oppseiingstid.
- Medlemskapsperiode for avtalegiro utan binding er laupande med 1 månad oppseiingstid.

Sikkerheit

- Medleimen plikter å sette seg inn i rømmingsveg og opphengt branninstruks.
- Senteret må forlatast seinast kl. 24.00 for ordinære medlemmer. Lys slås av automatisk etter stengetid.
- Barn skal ikkje opphalde seg i treningssenteret utan tilsyn og ikkje vere til bry for andre medlemmer.
- Garderobeskap skal tømast når ein forlét treningssenteret. Låste skap utanom senterets opningstider kan bli opna og skapet tømt.
- Som medlem forpliktar du deg til å ikkje bruke dopingmidlar nemnt i IOC`s liste. Bruk kan føre til utestenging.

Personvern

- Som medlem hos Helsebanken samtykker du til at Helsebanken innhentar, lagrar og behandlar dine personopplysningar. Dette for å administrere kundeforholdet, og for å optimalisere vårt treningstilbod og opningstider. I denne forbindelse innhentar vi og behandlar dine personalia, og lagrar tidspunktet for når du registrerte din personlege tilgjenge på treningssenteret.
- Som medlem samtykker du til at Helsebanken kan nytte elektroniske kommunikasjonsmiddel for å kommunisere med deg om forhold av betydning for kundeforholdet, som nyheitsbrev og marknadsføring av nye tilbod og tenester.
- Helsebanken lagrar dine personopplysningar så lenge du er medlem hjå oss, og i ein periode på maks 6 månader etter opphøyr av avtalen. Besøksstatistikk blir verande i anonymisert form.
- Som medlem har du rett til å få innsyn i dine personopplysningar, samt å få disse retta og/eller supplert.

- Utlevering av personopplysningar til andre vil ikkje skje utan ditt samtykke. Utlevering vil likevel skje i forbindelse med betalingsinnkreving og regnskapsbehandling.

Treningscenterets rettar

- Dersom medlemmer ikkje retter seg etter de instruksar og retningslinjer, herunder de avtalevilkår, som til ein kvar tid gjeld i forhold til senteret og medlemskapet, kan Helsebanken utvise medlemmer og bringe medlemskapet til augeblikkeleg opphøyr.
- Helsebanken kan, utan forvarsel, indeksregulere prisene tilsvarande utviklinga i KPI, men likevel avgrensa til 3% pr. år. Andre prisendringar føreset 30 dagars varsel pr. e-post og/eller SMS.
- Helsebanken kan med forvarsel, halde stengt eller redusere tilbudet og opningstidene i samsvar med medlemmenes etterspurnad. For eksempel i samband med ferie eller for å utføre naudsynt vedlikehald.
- Helsebanken har rett til å endre medlemsvilkåra. Dette kunngjerast på nettside, Facebook og/eller oppslag på senteret. Medlemeren er bunden av de endra medlemsvilkåra dersom medlemmen ikkje seier opp medlemskapet innan 14 dagar etter at dei nye medlemsvilkåra er kunngjort.

Trivselsreglar

Hjelp oss å gjere dette til ein triveleg plass ved å følgje reglane:

1. **Registrer deg** med app eller brikke ved besøk – ikkje slipp inn andre.
2. Bruk **innesko** og passende klede.
3. Ver snill og imøtekomande på trening.
4. Bruk reint treningstøy og ha god hygiene.
5. Gjer det hyggeleg for andre; bruk handkle og **tørk av utstyr** du har tatt på.
6. Her skal det vere **fritt for doping**.
7. Vis **omsyn ved bruk av mobiltelefon**. Filming av andre utan samtykke er ikkje tillaten.
8. **Rydd opp** utstyr du har brukt.
9. **Lukk alle vindauge** du har opna.
10. **Slå av lyset** om du er sistemann ut.